

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesordføraren legg til grunn at det er dei tre skulane Metis vgs, Bergen private gymnas og Akademiet FPG (tidl. Sonans) som vert rekna som kommersielle vgs. Inneverande skuleår er det om lag 1150 elevar ved dei tre skulane. Skuleåret 2015/16 var det om lag 1200 elevar ved desse skulane.

Med unnatak av Danielsen vgs og St Paul gymnas har friskulane eigne inntak. Fylkesrådmannen har difor ikkje oversyn kor mange søkjarar dei har til komande skuleår. Basert på erfaringstal er det grunn til å tru at elevtalet ved dei tre skulane vil vere ein stad mellom 1150 og 1250 kommande skuleår.

Det er Utdanningsdirektoratet som skal godkjenne rekneskapen til friskulane og sjå etter at krava som vert stilt for å få statstilskott er til stades. Dei fylkeskommunale representantane er observatørar utan stemmerett i styra i friskulane. Dei har såleis ikkje ei rolle i arbeidet med å avdekke eventuelt for mykje utbetalte statstilskott til friskular.

Fylkesordføraren bad i marstinget fylkesrådmannen om å fremje ei sak til handsaming i fylkestinget i juni der spørsmåla kring godkjenning og eventuell tilbaketreking av godkjenning vert drøfta. Utgangspunktet for drøftinga er kravet om tilbakebetaling av statstilskott som utdanningsdirektoratet har stilt til to friskular i Hordaland. Grunna mykje arbeid i samband med etableringa av Vestland fylkeskommune har ikkje administrasjonen klart å levere ei slik sak. Fylkesrådmannen reknar med å ha ei sak klar til oktobertinget. Fylkesordføraren vil ta stilling til vidare oppfølging i etterkant av den politiske saka.»